

Russ 2018

Avtale mellom russen og Fitjar vidaregåande skule

Avtalen går ut på:

- 1) Russefeiringa startar 27.4.18 og sluttar 16.5.18/17.5.18.
- 2) Også i denne perioden gjeld det gjeldande felles ordensreglement for vidaregåande skular.
- 3) Russen kan ikkje gå med russeklede utanom perioden i punkt 1.
- 4) Alle arrangement som skal gjennomførast av russen, skal gjennomførast i friminutt/pausar.
- 5) Alle arrangement som skal gjennomførast innanfor skuletida, inkludert pausar, skal avtalast og godkjennast av rektor på førehand.
- 6) Privat sal skal ikkje førekoma i skuletida.
- 7) Rektor og elevinspektør har 2 formelle møte med russestyret før russefeiringa tek til. På desse møta vert det mellom anna gjennomgått informasjon om mobbing, trakassering, alkohollova, felles ordens- og åtferdsreglement med meir.
- 8) Russepresident og visepresident har ansvar for å formidla innhaldet i avtalen til heile russekullet.
- 9) Russeknutar høyrer under aktivitetar som russen kan gjennomføra utanom skuletida. Skulen tek ikkje stilling til reglane.

Fitjar 13.11.17

Fitjar vidaregåande skule


Leif Helge Engelsen
Rektor


Hilde Førre
Elevinspektør


Russepresident


Visepresident